

ÅRSMELDING VAKSDAL IDRETTSLAG

2017

VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag
Stifta:	18.11.1925
Postadresse:	5725 Vaksdal
E-postadresse:	post@vaksdalil.no
Internettadresse:	www.vaksdalil.com
Organisasjonsnummer:	993 534 153
Banktilknytning:	Sparebanken Vest
Bankkonto:	Hovudkonto: 3500.07.03026
	Fotballgruppa: 3500.07.03573
	Trimgruppa: 3530.26.69870
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd

Årsmelding 2017

Vaksdal Idrettslag fekk i 2017 tildelt offentlege midlar til ytterlegare utvikling av Vaksdal Idrettspark, laget utarbeidde Klubbhandbok og starta arbeidet med ny visuell identitet.

I tillegg har det vore stort aktivitetsnivå i dei ulike undergruppene, og bygdas seniorlag rykte opp frå 6. til 5. divisjon.



Innhold

Innleiing	3
Styret	6
Medlemmer	6
Økonomi	7
Turgruppa	8
Trimgruppa	12
Fotballgruppa	14
Handball	24
Annan aktivitet	26
Klubbutvikling	28
Vaksdal Idrettspark	30

Vaksdal Gatecup

I 2017 vart gatecupen arrangert for fjerde gong. Det er ei uhøgtideleg turnering for vaksne med lag frå dei ulike områda i bygda. Fokuset er her på sosial samankomst med fotball som alibi. I 2017 vart gatecupen avslutta med samankomst på Milano Pizzeria.Turneringa har vorte godt motteke, og er vel no innarbeidd som fast tradisjon.



Styret 2017

Hovudsstyret

Leiar Henning Lirhus (Ut 2017)
Nestleiar Dagfinn Trohjell (Ut 2017)
Kasserar Espen Krogsrud Brekken (Ut 2017)
Skrivar Trygve Thom (Ut 2017)
Styremedlem Linda Lien (Ut 2017)
Styremedlem Kim Søndergård (Ut 2018)
Varamedlem Malin Sæterdal (Ut 2017)
Varamedlem Torben Lindholm (Ut 2018)

Valnemnd

Merete Stamneshagen, Svein Sæterdal og Odd-Andre Boge (Ut 2017)

Revisorar

Oddvar Olsnes og Jan Amundsen (Ut 2017)

Medlemmer

Talet på medlemmer har halde seg over 300 sidan 2009, og i 2016 passerte me 400 for fyrste gong på mange år. Medlemstalet auka også i 2017. Med tanke på at bygda Vaksdal har om lag 1000 innbyggjarar, vil det seia at nesten halvparten av dei som er busett i bygda, er medlemmer i VIL. VIL sine aktivitetar er sterkt retta mot barn, og til ein viss grad mot unge og vaksne. Dette gjer at variasjon i storleiken på barnekulla

vil føra til svingingar i talet på medlemmer frå år til år. Av totalt 462 medlemmer, er 164 under 16 år. Aktivitetsnivået knytt til trimgruppa, og at ein i 2016 starta opp med A-lag i fotball bidreg til å auka andelen vaksne medlemmer. Dette er positivt for idrettslaget og bygda

Kontingentar:

Barn*: 150,-
Vaksen: 250,-
Familie**: 500,-
B-medlemskap, barn: 50,-
B-medlemskap, vaksen: 100,-
Støttmedlemskap: 150,-
Treningsavgift fotball barn*: 300,-
Treningsavgift fotball vaksne: 500,-
Treningsavgift trim vaksne: 500,- pr. halvår.

- * Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.
- ** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.

Økonomi

Idrettslaget har god økonomi og overskotet i 2017 er 153 192 mot kr 169 619 i 2016. Inntektene består av tilskot frå Norges Idrettsforbund og Vaksdal kommune, bidrag via grasrotmidlar, sponsoravtalar og medlemskontingent. Inntekter i 2017 er kr 404 063 som er ein auke frå fjoråret.

Idrettslaget har sett av mykje midlar kvart år til framtidige prosjekt i idrettsparken som skal koma medlemmene til gode. Det er ikkje forventa at overskotet vil vera like stort i åra som kjem. Idrettslaget opererer med svært låge prisar for medlemsskap og trening, og ser det som bevisste val til gode for medlemmene. Ein har i motsetnad til andre idrettslag ein kan samanlikna seg med, svært lite eller inga godtgjersle for alt arbeidet trenarar og styremedlemmer legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Medlemstal 2009-2017

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
313	372	349	369	367	387	377	448	462



Turgruppa

Turgruppa fekk tilskot frá Gjensidige-stiftelsen til merking og tilrettelegging av turløyper og etablering av leirplass. Dette har vore hovudfokus i 2017.

Tilskotet var på rundt 17.000 kroner, og turgruppa har merka og rydda stiar frå Tveitane til Tjødnhaugen, frå Flordalen til Tveitane, frå Vaksdalsgarden til Bogavatnet og frå Flordalen via Furhaugen til Jamnesåta. Det er bygd gapahuk i skogsområdet mellom Tvesporvegen på Tveitane og Tjødnhaugsvegen, og det er komen ny benk ved Granane ovanfor Flordalen. Fleire stiar er også GPS-merka og lagt inn i tur-databasen ut.no: Vaksdalsgarden–Trollsanipa, Flordalen–Jamnesåta, Flordalen–Furhaugen–Allsætra, Grova–Dyrdalskaret, Langhelle–Fitjavatnet. I tillegg har det vore arbeidd med eit kutlur-stiprosjekt saman med Vaksdal kommune og Vaksdal skule, som etter planen vert ferdigssilt i 2018.

Turar





Turgruppa har samarbeidd med idrettsskulen, og invitert til turar i samband med opning av gapahuken til Trollsanipa, Granane, Idlestien,



overnattingstur til Skipshelleren (der heile 29 personar deltok) og til sist lommelyktur i retning Bogavatn ved solsnu 21. desember.

Turregistering

Vaksdal Idrettslag har hatt utplassert seks turpostkassar: I Herfindalen, ved Bogavatnet, på Idlestien (kortturar) og ved Vardatjørnane, Blåfjellet og Dyrdalskaret (langturar). Det vart trekt ut seks vinnarar av gavekort frå G-sport under lagets temaveld i november.



Trimgruppa

Gymsalen har vore flittig i bruk også i år.

Kapasiteten er sprengt, og ikkje alle får førsteønsket sitt om treningstid oppfylt. Trimgruppa har i år hatt følgjande aktivitetar:

Barnetrim (barnehageborn)

Dette er eit svært populært tilbod som vert flittig brukt. Dette er eit lavterskeltilbod. Her er det i hovudsak fri lek, men med nokre fellesaktivitetar innimellom. Foreldre deltek som ansvarlege for eigne barn på barnetrim.

Idrettsskulen (1. 4. klasse)

Det viste seg å vera svært attraktivt med idrettsskule med ulike aktivitetar kvar

månad. Aina Ulveseth er hovudansvarleg, og lagar plan for aktivitetar, arrangerer og informerer foreldre ved oppstart av nytt skuleår. Det vart utlevert plan for året 2017/2018 på skulen, og informasjon vert òg lagt ut på FaceBook. Det har vore godt oppmøte og aktivitetsnivået har auka betrakteleg etter endringa. Døme på aktivitetar: Symjing på Dale, turn, balleik, skitur og sykkel-/fjelltur.

Turn for jenter (3.-7. klasse)

Dette har vorte eit populært og godt motteke tilbod, det har variert med ca. 20 deltakande jenter i ulike aldrar mellom 3.-7. klasse. Her har vi handla inn nytt utstyr, spesielt retta mot turn, som balansebom, matter og pute.

Basisball (vaksne frå 16 år)

Eit populært treningstilbod med deltakarar på mellom 12-25 stk. kvar gong. Det vart

kjøpt inn nokon fleire ballar til utlån i 2017. Ønskeleg med betre oppbevaring for ball og innkjøp av fleire ballar i 5 kg. Vi tek dette med oss i 2018 og ser kva vi kan få ordna til.

«Strong by zumba» og aerobic/styrke (vaksne frå 16 år)

Eit populært treningstilbod, med faste deltakarar og nokre nye. Det er kjøpt inn noko nytt som manualer og mattar, men det er ønskeleg med innkjøp av meir i 2018, og dessutan få oppheng til mattene, då haldbarheita vert betra.

Step/styrke (vaksne frå 16 år)

Dette tilbodet vert òg godt brukt av ei trufast treningsgruppe. Ingen nedgang for 2017 på talet deltakarar, men nokre nye. Det er generelt stor positivitet rundt treningar for vaksne og deltakarar er nøgde med type tilbod og timar.

Sirkeltrening (vaksne)

I 2017 vart det starta sirkeltrening for vaksne, og tilbodet har vore populært.

Økonomi

Det vert innbetalt kr 500,- per halvår for deltaking i zumba, step/aerobic og basisball. Dette danner grunnlag for løn, innkjøp av klede til trenarar, kontingentar for trenarar og eventuelle andre utlegg. Vi har i 2017 gjort fleire innkjøp, til både barn og vaksne. Døme på innkjøp: Ballar til fleire aktivitetar, matter og manualar, treningsutstyr retta mot barn som: voltpute, airfloor-matte og pumpe, balansebom, hoppe-sekkar, balanse-skål, kin-ball og balanse-band, samt førstehjelpskoffert. Økonomien er god, og det er oppsparte midlar på konto. Dette gjev rom for oppgraderingar og innkjøp av nytt utstyr også i 2018.

Oppsummering

Salen har mange og varierte tilbod. Innegruppa vil prioritera å oppgradera ein del meir utstyr i 2018. Det vil kjøpast inn fleire basisballar, utstyr til barnetrim/idrettsskulen, vekter og annetsom det vert meldt inn behov for. Vi ser det som utruglig positivt at det er så mye aktivitet i salen og ynskjer å bidra mest mogleg med utstyr og tilbod for aktivitet til barn og vaksne.

Fotballgruppa

Fokusområdet byggjer på Norges Fotballforbund sin visjon: «Fotballglede, muligheter og utfordringer for alle».

Fotballgruppa har vore opptatt av å:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane på Vaksdal
- Gje eit tilbod til alle interesserte så langt som råd
- Utnytte ressursane og moglegheitene og byggje opp under engasjement

Lagleiarfunksjon for alle laga er ein konkret vinkling i høve til punktet om å utnytte ressursane og moglegheitene og byggje opp under engasjement. Dette har vore praktisert på dei fleste lag i fleire år no, og ser ut til å fungere godt. 5–7 trenarar frå Vaksdal IL har delteke på trenarkurs i løpet av året. Idrettsrådet støtta og arrangerte kurs som vart gjennomført på Dale

Aktivitet

Det er alltid store variasjonar i årsklassane på Vaksdal, slik det gjerne er i mindre bygder. Nokon årskull er mange, og nokon er svært få. Dei siste åra har det vore relativt talrike kull, og Vaksdal IL er klubben i kommunen med flest lag og aktive spelarar. Me er såleis no inne i ein periode med svært mange potensielle aktive



fotballspelarar. Det syner seg at svært mange vel å delta i fotballaktivitetane. Talet på aktive spelarar i 2017 har vore om lag 126, inkl spelarar frå andre bygder som spelar her. (2016: 131. 2015: 123). Det har vore 10 aktive lag i dei aldersbestemte årsklassane.

Seriespel

Fotballgruppa har generelt som utgangspunkt at ein fyrst og fremst skal stille lag lokalt på Vaksdal. Ein ser at naboklubbane har større

utfordringar enn oss, og samarbeid kan vere ei løysing i einiske tilfelle. Me meiner likevel at me fyrst og fremst skal prøve å få til ulike samansetjingar lokalt på Vaksdal før ein vel løysingar med samarbeidslag med nabo-klubbane. Dette er fordi me trur at flest mogleg vil halde fram som aktive dersom me har eit tilbod på Vaksdal. Det er likevel positivt med samarbeid mellom klubbane, der ein ser at dette gjev positiv effekt på den samla aktiviteten og bidrar til å unngå fråfall. I ungdomsfotballen er det såleis mest aktuelt med slikt samarbeid. Dette har vore ein fast haldning frå fotballgruppa over fleire år. Dei fleste trenarane/ lagleiarane har ynskt å melde på laget sitt i Bergensområdet (region Bergen Nord). Kretsen har tidlegare vore positive til å la oss gjere det, sjølv om me i utgangspunktet er sett opp i regionen Voss/Hardanger.

Cupar

Laga våre har elles delteke i ulike cupar. Grunna

manglande reservasjon av hytter på Kinsarvik, som i mange år har vore tradisjon, vart det ikkje den store deltakinga på Eidfjord småbanecup, som det har pleid å vere. Kun eit lag frå Vaksdal deltok i 2017. Som vanleg er det populært å delta i ulike innandørs cupar i Bergensområdet, særleg Vestlandshallen. I 2017 var det òg deltaking i Norway Cup, Ålcup. Det er variasjonar i talet på cupar som dei ulike laga deltek i. Fotballstyret vil framleis løpande vurdere om ein treng retningslinjer for kor mange cupar dei einiske laga kan delta i, betalt av fotballgruppa. Dette for at det skal verte ei rettferdig fordeling av midlar. Men ein ser det som positivt at laga deltek på ulike cupar/ turneringar, og så lenge økonomien tillet det, har det ikkje vore økonomiske grunnar til innstramming i samla deltaking på cupar.



Sparebanken Vest-cup

Det viktigste arrangementet for fotballgruppa er Sparebanken Vest-cup. Det er alltid eit fokus på å utvikle Sparebanken Vest-cup som arrangement. I 2017 deltok 26 lag, det same som i 2016. Deltakarrekorden er frå 2015, då 32 lag deltok. Laga kom frå til saman 9 klubbar, noko som er fleire enn både i 2015 og 2016. Klubbane som deltok var Bulken, Dale, Fri, Hausvik, Modalen, Samnanger, Stanghelle, Valestrand/Hjellvik og Vaksdal. Det var eit godt og vellukka arrangement, men ikkje heilt topp vær.





Opprykk for seniorlaget

A-laget (senior herre) fortsatte framgangen og klarte opprykk til 5. divisjon. Det har vore stor positiv oppslutning om A-laget med godt publikumsframmøte på kampene. Lokaloppgjeret mot Dale enda uavgjort 2-2 i ein innhaldsrik og underhaldande kamp.







Handball

Vaksdal IL har i 2017 hatt eitt aktivt handball-lag: Jenter fødde i 2005.

Vaksdal sine handballjenter spelte våren 2017 i klassen J11, B-serien som skulle vera for nybyrjarar. Dei hadde sine fyrste kampar med følgjande resultat: Voss- Vaksdal 21-0, Osterøy- Vaksdal 14-2, Dale- Vaksdal 12- 4, Osterøy- Vaksdal 18- 1, Løv/Ham- Vaksdal (resultat ikkje notert, men tap for Vaksdal), Vaksdal- Sandviken (resultat ikkje notert, men tap for Vaksdal), Nordre Holsnøy- Vaksdal 20- 2, Sandviken- Vaksdal 22- 3. Som de ser av resultatet vart det store tap i kvar kamp, men jentene heldt humøret oppe og syns det var stas når dei klarte å score mål. Me opplevde at laga me møtte hadde spelt handball i fire-seks år, mens Vaksdal var i nybegynnarklassen.

I vårsesongen var det totalt fjorten jenter som spelte handball på Vaksdal. Me hadde ein spelar med dispensasjon då ho var eit år for gammal til å spele i jenter 11- serien. I snitt var det tolv jenter på kvar trening. Me hadde mål om å melda laget på ein cup, men me fekk det dessverre ikkje til å passa.

Treningane har me hatt i samfunnshallen på Vaksdal torsdagar kl. 18.00 – 19.15. Ved påmelding til sesongen 2017/2018 meldte me jentene på i serien J12. Det vart då oppretta ein C-serie som skulle være meir tilrettelagt for nybegynnarar. Ved sesongstart 09.09.17 viste det seg at tre av seks lag hadde trekt seg frå serien, og laga som sto att var Vaksdal, Dale og Odda. Me kom raskt til einigheit med Dale og Odda om

å melda inn til kretsen at me ville spela i C-serien til tross for få lag, då me alle ville at jentene skulle oppleve meistring i kampane sine. Me har derfor kun hatt kampar mot Dale og Odda. Resultat etter halvspelt sesong, hausten 2017: 09.09: Dale- Vaksdal 12-4, 22.10: Vaksdal- Odda 3- 8, 22.10: Dale- Vaksdal 16- 1, 04.11: Vaksdal- Dale 5- 4, 04.11: Vaksdal- Odda 9 – 8, 02.12: Vaksdal – Dale 8 – 9, 02.12: Vaksdal- Odda 3 – 9. Som de kan sjå ut frå resultatata har Vaksdals jentene hatt stor framgang i siste del av haustsesongen. Jentene er svært ivrige og lærer fort. Dei er no svært gira på at dei skal vinna alle kampane mot Dale og Odda på nyåret.

Frå 09.11 begynte me å trene i Turbinen. Me har trening kvar torsdag kl. 18.00 – 19.30, og me ser det som svært nyttig å trene i Turbinen. Fram til 09.11 hadde me trening på Vaksdal torsdagar kl. 18.00 – 19.15. Frå haustsesongen starta, har me hatt tolv jenter på laget. Ei av desse har dispensasjon fordi ho er eit år for gammal til å spela i jenter 12 serien. Fire av jentene er frå Vaksdal, dei resterande åtte er får Stanghelle. Det har i snitt vore ti spelarar på kvar trening. Me opplever at det er godt samhald og miljø i laget. Jentene er i ein alder der dei veks mykje, og ein ser at det vil være behov for nye drakter før sesongen 2018/2019. Det er også behov for nye ballar i ein størrelse større. Me hadde juleavslutning med pizza og brus i klubbhuset på Vaksdal torsdag 14.12.17.



ANDRE AKTIVITETAR

Open gymsal

Med bakgrunn i at bygdefolk hadde oppservert at unge samla seg i og rundt Vaksdal Senter, initierte idrettslaget «open gymsal» for å tilby alternative og meir konstruktive møteplassar. Med open gymnsal er det lagt opp til at ungane/ungdommane får disponera Vaksdal samfunnssal i det aktuelle tidsrommet med den aktiviteten dei sjølve legg opp til (så lenge aktiviteten er inkluderande og av ein slik karakter at alle kan trivast). Det er alltid vaksne til stades. Bak tilbodet står Vaksdal IL i dialog med Vaksdal kommune. Ordninga har vore prøvt ut fleire fredagar for aldersgruppa 7. – 9. klasse. I romjula vart det arrangert open gymsal utan aldersdefinisjonar. Tjue barn og unge nytta seg av tilbodet, og dei fekk samstundes testa diverse nytt utstyr som laget hadde kjøpt inn.

Ope klubbhus

I romjula prøva også idrettslaget ut ope klubbhuset på Vaksdal Idretts-park ope, og serverte gratis kakao, kaffi, saft og vafler.

Romjulsmarsj

93 personar deltok på den tradisjonsrike romjulsmarsjen frå Vaksdal skule til Ytre Boge. Det var innlagt rebus, og Anton Roger Hanevik vart trekt ut som vinnar av gåvekort på kr 500 frå G-sport.

Foredrag

Erling Hisdal kom i desember til Vaksdal og haldt foredrag om trening, målsetjing og andre erfaringar han har gjort seg som toppidrettsutøver. Han var invitert av A-laget, men foredraget var ope for alle. Erling har ei lang merittliste: Vinner av Norgescupen i motbakke i 2016 og 8. plass i Skåla Opp i 2016. Han har vunne store løp som Saudehornet Opp og Molden Opp, og han har også greidd kvalifiseringskrava til VM i motbakke i 2016 og EM i 2017, og vart vinnar og løyperekordholder av Svalbard Space Run (verdast nordlegaste motbakkeløp) i 2017.



KLUBBUTVIKLING

Temamøte om idrettslagets framtid

Vaksdal IL arrangerte i 2017 temakveld om om lagets framtid. Det kom mange gode idear og var stort engasjement. Innspela vart sorterte og tatt med vidare i arbeidet med budsjett og meir langsiktige planar. Me trekte også vinnarar blant dei som har skrive seg inn i turbøkene på dei seks ulike turmåla våre, og vinnarar vart Evy Kristin Jamne, Nina Bakke Amundsen, Hanne Bruvik, Kristoffer Birkeland, Mari Ann Audestad og Kari Brørvik med kvar sitt gavekort på 500 kroner frå G-sport. Elizabeth Gjessing vann gavekortet me trekte ut blant dei frammøtte.

Framtidsdugnad

Vaksdal IL var sterkt representert då Vaksdal kommune arrangerte framtidsdugnad i samfunnsalen på Vaksdal. Målet var å påverka korleis Vaksdal skal utviklast i framtida.

Klubbhandbok

Styret i Vaksdal Idrettslag utvikla i 2017 ei klubbhandbok for Vaksdal Idrettslag. Boka er basert på vedtektene til Vaksdal IL og allereie vedtatte retningslinjer for barneidrett. Me har tatt utgangspunkt i malen frå Norges Idrettsforbund, og tilpassa innhaldet til VIL, samt prøvt å skildra praksis me har i laget i dag. Klubbhandboka er eit arbeidsverktøy, og skal enkelt kunna justerast og oppdaterast gjennom styrevedtak. Eit utkast vart presentert under temamøtet, og medlemmene vart inviterte til å gje tilbakemeldingar. Klubbhandboka er publisert på: <https://vaksdalil.com/om-vil/klubbhandbok>

Ny visuell identitet

Vaksdal Idrettslag starta i 2017 opp arbeidet med ny visuell identitet, inkludert nytt klubbemblem, og inviterte i samband med det medlemmer og andre til å svara på nokre enkle spørsmål om korleis dei opplever laget i dag. Det vart også sett ned ei arbeidsgruppem, og halde workshop der barn kunne bidra med innspel og idear rundt ny visuell identitet for laget. Det er formulert ein kort tekst om laget som den visuelle identiteten skal byggja på. Les teksten her: <https://vaksdalil.com/om-vil/ny-visuell-identitet/>

Digitalisering

Arbeidet med overgang til digitale verktøy for drift har halde fram i 2017.



Hovudstyret har i tillegg hatt sju ordinære styremøter i 2017.



Vaksdal Idrettspark

Vaksdal Idrettslag har søkt om spelemidler til to prosjekt for videreutvikling av Vaksdal Idrettspark: Etablering av volleyballbane med kunstgras, ballvegg og rulleløypa samt andre forbedringstiltak. I 2017 fekk me tilslag på søknaden om ballvegg, og det vart sett ned ei arbeidsgruppe for å realisera prosjektet.

Brøyteplan for vinteråpen bane

Laget har i samarbeid med Vaksdal kommune arbeidd med brøyteplan for Vaksdal Idrettspark, med mål å sikra bærekraftig handtering av plastgranulatar.





Takk

Vaksdal Idrettslag takkar alle som er med og legg til rette for stort aktivitetsnivå, og som bidreg til å skapa gode møteplassar for store og små i bygda.



Vaksdal Idrettslag
www.vaksdalil.com